

MELAND KOMMUNE
Postboks 79
5918 FREKHAUG

Dato: 04.07.2019
Vår ref.: 2017/558-19
Saksbehandlar: larklem
Dykkar ref.: 15/1644 - 19/11203

Fråsegn - Fossesjøen høyring og offentleg ettersyn - Meland kommune

Vi viser til brev datert 27.05.2019 om høyring av forslag til detaljregulering for Fossesjøen. Hovudføremålet i planen er å leggje til rette for utvikling av nye bustadfelt, totalt 164 bueiningar. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 23.01.2017.

Vurdering

Areal og transport

Planframlegget legger opp til ei bustadutvikling i den regionale vekstsona Knarvik-Frekhaug. Hordaland fylkeskommune ser difor positivt på utviklinga av bustadfeltet, som legg opp til høvesvis høg utnytting av arealet.

Barn og unges interesser

Hordaland fylkeskommune ser positivt på tilrettelegginga for barn og unge i planen, då den syner ei god dekning av nærleikeplassar, sandleikeplassar og anna areal for uteopphald. Det er viktig å sørge for at dei ulike bustadfelta og leikeplassane har enkel tilkomst og er godt kopla saman.

Illustrasjonsplanen syner til at ein vil ha sti som koplar bustadfeltet BBB02 ned til hovudvegen SKV01. Men mens stien gjennom BKS04 er sikra i føresegnene, kan ein ikkje sjå at dette gjeld stien som illustrasjonsplanen syner i BBB03. Dette bør leggast inn i føresegnene.

Ein vil også oppmode til å vurdere om det er mogleg å leggje til rette for ei trygg snarveg/sti som knyter saman BUT02/BBB02 med dei nordligaste bustadfelta. Ei kopling mellom BBB02 og BBB01 kan også fungere som eit naturleg utgangspunkt for tur opp mot Fageråsen, som del av det regionale friluftsområdet Krossfjellet. Dette kan mogleg bøte for dagens sti som vil bli råka av planforslaget.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

I samband med oppstart av planarbeid for Fossesjøen gnr. 25, bnr. 161 mfl. i Meland kommune var det i 2011 gjennomført arkeologisk registrering i planområdet. Ved registreringen vart det påvist ein steinalderlokalitet med Askeladden-id 151124. Ved høyring og offentlig ettersyn er planområdet redusert slik at det automatisk freda kulturminne er tatt ut av planen.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

Samferdsel

Hordaland fylkeskommune og Skyss har særleg vore oppteken av trygg tilkomst til haldeplass ved Fossesjøen v/ kryss til Rosslandsvegen, samt moglegheita for å flytte haldeplass «Litlebergen» lenger sør på Ådlandsvegen. Vi registrerer at høgdeforskjellar gjer det utfordrande å flytte haldeplassen.

Det er fleire pågåande planarbeid tilknytt planen for Fossesjøen for å sikre vegsituasjonen i området slik at mjuke trafikantar trygt kan ferdast til skule og haldeplass. Det er sett rekkjefølgjekrav til opparbeiding av veger i samband med utbygging i de ulike delfelta, men krava er mangelfulle og sikrar ikkje trafikktrygge løysingar i tilstrekkeleg grad. Hordaland fylkeskommune er kritisk til at kommunen opnar for utbygging og auka trafikk før vegtilhøva tilfredsstillar krav til trafikktryggleik. Dette gjeld særleg krav til trygg skuleveg, og utbetring av krysset mellom fv 245 og fv 564. Samferdselsavdelinga viser til dei vurderingane Statens vegvesen har gjort i brev datert 22.07.19 og støtter deira varsel om motsegn på desse punktet.

Vi minner om følgjande retningslinje i Regional areal- og transportplan:

5.4 Nye større bustadområde (15 einingar) skal ha dokumentert trygg veg til grunnskole og til kollektivstopp.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld barn og unges interesser, og samferdsel. Ein syner til vurderingane til Statens vegvesen når det gjeld trygg skuleveg og kryssutbetring, og rår i frå planforslaget på desse punkta.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Lars Petter Klem
saksbehandla

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Lars Petter Klem, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Gunhild Raddum, transportplanseksjonen, SAMFERDSELSAVDELINGA

Helene Moe, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA

Sigrun Wølstad, fylkeskonservatoren, KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA